



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	15.01.2025
Møtetid:	09:00 - -11:30
Møtestad:	Frekhaug, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	leiar	AP	
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Liv Hopland Van der Kooij	medlem	SP	
Kenneth Taule	medlem	UAVH	
Murberg			
Wilfred Berthelsen	medlem	INP	
Leif Johnsen	medlem	MDG	
Henning Fyllingsnes	medlem	H	
Olav Myhr	medlem	KRF	
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Rikke Slaatten Nordal	varamedlem	KRF	Vara for Olav Myhr i sak PS 11/25.

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Eirik Sætre

Avdelingsleiar

Siril Therese Sylta

Tenesteleiar

Edvard Feyling Hviding

Rådgjevar

Are Frøysland Grande

Avdelingsleiar

Arne Eikefet

Mari Emilie Pettersen Hagenlund

Andris Hamre

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/25	Godkjenning av møteprotokoll APM 04.12.24	
PS 3/25	Referat saker	
RS 1/25	Klagevedtak - omgjør til avslag - settestatsforvalter - Alver gbnr 433/11 - Hella indre - oppretting grunneiendom for bolig	
RS 2/25	Vedtak - byggesak - Alver gbnr 145/60 - Fosse indre - utvida bruk av avkøyrslø	
PS 4/25	Delegerte saker til APM 15.01.25.	
PS 5/25	1 ghs - Detaljreguleringsplan - Valdersneset - PlanID 46312020008	
PS 6/25	Uttale - Varsel om oppstart av reguleringsplan - E39 Vågsbotn - Klauvaneset	
PS 7/25	Klage på dispensasjon frå LNF og avstand til sjø for oppføring av naust - 41/11 Mykingvegen	
PS 8/25	Klage på avslag dispensasjon frå plankrav for oppretting av grunneigedom - 137/258 Rishaugane 25	
PS 9/25	Klage på avslag på søknad om dispensasjon for arealoverføring - 357/3 - Sætreviksmarka 77	
PS 10/25	Klage på vedtak - 188/1 - Osterfjordvegen 167 - Frådeling, bustad, veg	
PS 11/25	Melding om oppstart av Ny 420kV forbindelse mellom Samnanger og Øygarden- Uttale frå Alver kommune	

PS 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

PS 11/25 blir foreslått løfta opp til etter sak PS 3/25. Deretter PS 8/25 - PS 6/25 - PS 5/25 - PS 4/25 - PS 7/25 - PS 9/25 - PS 10/25.

Samrøystes.

Elles ingen merknader til innkalling og sakliste. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Innkalling og sakliste er godkjent.

PS 2/25 Godkjenning av møteprotokoll APM 04.12.24

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 3/25 Referat saker

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Ingen merknadar. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Referatsaker er teke til vitande.

PS 4/25 Delegerte saker til APM 15.01.25.

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Melding om delegerte vedtak er teke til vitande.

PS 5/25 1 ghs - Detaljreguleringsplan - Valdersneset - PlanID 46312020008

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, og i høve delegert mynde, legg Utval for areal, plan og miljø følgjande forslag til reguleringsplan ut til offentleg ettersyn: Valdersneset, gbnr. 502/2 mfl. PlanID 46312020008, vist på plankart sist datert 17.10.2024, og med tilhøyrande føresegner datert 17.10.2024.

PS 6/25 Uttale - Varsel om oppstart av reguleringsplan - E39 Vågsbotn - Klauvaneset

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Tilleggsforslag frå Ståle J. Hauge-AP:

Alver kommune forutsett at Statens vegvesen og Bergen kommune prioriterer høgt å avsett ressursar til arbeidet for å få ein tilfredsstillande framdrift slik at E39 Vågsbotn – Klauvaneset er klar til behandling ved førstkommande rullering av Nasjonal Transportplan.

Tilleggsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Areal, plan og miljø ser positivt på at arbeidet med reguleringsplan for ny E39 veg på strekninga Vågsbotn - Klauvaneset vert starta opp.

- Alver kommune forutsett at Statens vegvesen og Bergen kommune prioriterer høgt å avsett ressursar til arbeidet for å få ein tilfredsstillande framdrift slik at E39 Vågsbotn – Klauvaneset er klar til behandling ved førstkommande rullering av Nasjonal Transportplan.

PS 7/25 Klage på dispensasjon frå LNF og avstand til sjø for oppføring av naust - 41/11 Mykingvegen

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Framlegg frå Henning Fyllingsnes-H, Nina S. Øvreås-FRP. Yngve Walaker-FRP, Tore Helland-FRP, Olav Myhr-KRF:

APM står ved sitt vedtak fra 16/10 24

Da det allerede har stått et nøst fra før og det er ønske om å oppføre et nytt nøst på samme tomt, blir ikke det mer utbygd enn det var fra før.

Nøstet/redskapsbod har ikke kaifront og vil dermed ikke bli privatiserende.

Framlegget vart samrøytes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

APM står ved sitt vedtak fra 16/10 24

Da det allerede har stått et nøst fra før og det er ønske om å oppføre et nytt nøst på samme tomt, blir ikke det mer utbygd enn det var fra før.

Nøstet/redskapsbod har ikke kaifront og vil dermed ikke bli privatiserende.

PS 8/25 Klage på avslag dispensasjon frå plankrav for oppretting av grunneigedom - 137/258 Rishaugane 25

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Framlegg frå Wilfred Berthelsen-INP:

Saka blir utsett. Utvalet ønskjer synfaring ved første moglege høve.

Framlegget vart samrøytes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Saka blir utsett. Utvalet ønskjer synfaring ved første moglege høve.

PS 9/25 Klage på avslag på søknad om dispensasjon for arealoverføring - 357/3 - Sætreviksmarka 77

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Klagen i frå tiltakshavar, på to avslag på dispensasjon, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaka som vert ståande lyd slik:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå plankravet for arealoverføring frå gbnr. 357/3.»

«Søknad om dispensasjon frå storleikskrav for fritidsbustadstomter for arealoverføring frå gbnr 357/3 til 357/50 vert avslått. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

PS 10/25 Klage på vedtak - 188/1 - Osterfjordvegen 167 - Frådeling, bustad, veg

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Framlegg frå Tore Helland-FRP, Nina S. Øverås-FRP, Yngve Walaker-FRP, Henning Fyllingsnes-H, Olav Myhr-KRF, Wilfred Berthelsen-INP:

APM opprettholder vedtaket fra 16/10 med noen tilleggspunkter (6 og 7) i begrunnelsen og mener at hvilkårende for § 19.2 da er oppfulgt og at fordelene er klart større en ulempene.

«Dispensasjonen blir gitt på vilkår av:

1. Tomtestørrelsen reduseres til 1,5 mål
2. Innkjørsel utformes slik at den ikke hindrer fremtidig tilkomst til eventuelt videre utvidelse til nye boliger.

Begrunnelse

1. Området har liten verdi som landbruksjord og består av krattskog.
2. Tomten grenser tett inntil eksisterende boligfelt og har tilgang til vei, vann og avløp i tomtegrensen.
3. Det er ikke eneboligtomter ledig i området.
4. Det er opparbeidet gang- og sykkelvei til sentrum og skole/barnehage.
5. Det er ingen rekkefølgekrav forbundet med tiltaket. Bakgrunnen til bestemmelsene er å hindre nedbygging av LNF områder. Utvalget for areal, plan og miljø mener av begrunnelsen i vedtaket at fordelene med dispensasjon er klart større enn ulempene og at hensynet til bestemmelsene ikke blir satt vesentlig til side.»
6. Dispensasjonen utnytter eksisterende infrastruktur, som er i tråd med målene i Byvekstavtalen for Bergensområdet (2019–2029, s. 15)
7. Vekstsoner i Byvekstavtalen: Knarvik er definert som en vekstzone, og Gjervik, som ligger rett utenfor sentrumskjernen, grenser til et etablert byggefelt

Framlegget blei vedteke med 10 røyster for (Tore Helland-FRP, Nina S Øvreås-FRP, Yngve Walaker-FRP, Henning Fyllingsnes-H, Wilfred Berthelsen-INP, Olav Myhr-KRF, Ståle J Hauge-AP, Liv H. V.D Kooij-SP, Olav Steinar Namtvedt-SP, Kenneth Murberg-Uavh) mot 1 røyst.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 1 røyst og fall (Leif Johnsen-MDG) mot 10 røyster.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

APM opprettholder vedtaket fra 16/10 med noen tilleggspunkter (6 og 7) i begrunnelsen og mener at hvilkårende for § 19.2 da er oppfulgt og at fordelene er klart større en ulempene.

«Dispensasjonen blir gitt på vilkår av:

1. Tomtestørrelsen reduseres til 1,5 mål
2. Innkjørsel utformes slik at den ikke hindrer fremtidig tilkomst til eventuelt videre utvidelse til nye boliger.

Begrunnelse

1. Området har liten verdi som landbruksjord og består av krattskog.
2. Tomten grenser tett inntil eksisterende boligfelt og har tilgang til vei, vann og avløp i tomtegrensen.
3. Det er ikke eneboligtomter ledig i området.
4. Det er opparbeidet gang- og sykkelvei til sentrum og skole/barnehage.
5. Det er ingen rekkefølgekrav forbundet med tiltaket. Bakgrunnen til bestemmelsene er å hindre nedbygging av LNF områder. Utvalget for areal, plan og miljø mener av begrunnelsen i vedtaket at fordelene med dispensasjon er klart større enn ulempene og at hensynet til bestemmelsene ikke blir satt vesentlig til side.»
6. Dispensasjonen utnytter eksisterende infrastruktur, som er i tråd med målene i Byvekstavtalen for Bergensområdet (2019–2029, s. 15)
7. Vekstsoner i Byvekstavtalen: Knarvik er definert som en vekstsone, og Gjervik, som ligger rett utenfor sentrumskjernen, grenser til et etablert byggefelt

PS 11/25 Melding om oppstart av Ny 420kV forbindelse mellom Samnanger og Øygarden- Uttale frå Alver kommune

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Habilitetsvurderingar:

Utvalsleiar Ståle J. Hauge melder seg inhabil i saka. Grunngevinga er deltakelse i utarbeidelsen av høyringsuttalen. Ingen vara.

Nestleiar Olav Steinar Namtvedt vert setteleiar for saka. Samrøystes.

Utvalet vurderer samrøystes representant Ståle J. Hauge som inhabil i saka. Han deltek difor ikkje i sakshandsaminga.

Representant Olav Myhr-KrF informerer om at han er inhabil i saka - etter grunngeving frå kommuneadvokat. Myhr er grunneigar i eit av alternativa. Rikke Nordahl kjem inn som vara.

Utvalet vel samrøystes å følge kommuneadvokaten si vurdering om at representant Olav Myhr er inhabil i saka. Han deltek difor ikkje i sakshandsaminga.

Framlegg frå Olav S. Namtvedt- SP:

Nest siste setning på side 14 i kommunedirektøren bør strykast.

Der står: «Vidare er det 1.4 som på deler av strekket går i eksisterande linjetrasear legg minst mogeleg beslag på urørt natur og viktige førekomstar av naturmangfald enn 1.0»
Grunngeving: 1.4 er omlag 5 km lenger enn 1.0. 1.4 går omlag 2,5 km i eksisterande trase, noko som betyr at 1.4 beslaglegg 2,5 km meir urørt natur enn 1.0.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Leif Johnsen:

Under overskrifta Naturmangfald side 14 og 15 etter siste setning side 15 ".. øydelegging av naturmangfald og tap av trua artar som enno ikkje er registrert. Tilelgg: Ei slik registrering må gjennomførast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Henning Fyllingsnes-H, Nina S. Øvreås-FRP, Leif Johnsen-MDG, Yngve Walaker-FRP, Kenneth Murberg-Uavh, Wilfred Berthelsen-INP:

Endre setning i avsnitt 2, side 7 til:

Fortrinnsvis ønskes ingen av linene gjennom kommunen og kommunen ser på alternativ 6.1 som det beste alternativet for naturmangfaldet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Olav S. Namtvedt-SP;

Alver kommune vil at utgreiinga skal synleggjera kva spenningsoppdatering vil gje av kapasitet i Bergen og omland.

Tilleggsforslaget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 15.01.2025:

Alver kommune si høyringsuttale til melding om oppstart av ny 420 Kv forbindelse, mellom Samanger og Øygarden går fram av saksutgreiinga og kommunedirektøren si oppsummering.

- Under overskrifta Naturmangfald side 14 og 15 etter siste setning side 15 ".. øydelegging av naturmangfald og tap av trua artar som enno ikkje er registrert. Tilegg: Ei slik registrering må gjennomførast.
- Endre setning i avsnitt 2, side 7 til: Fortrinnsvis ønskes ingen av linene gjennom kommunen og kommunen ser på alternativ 6.1 som det beste alternativet for naturmangfaldet.
- Nest siste setning på side 14 i kommunedirektøren bør strykast.
Der står: «Vidare er det 1.4 som på deler av strekket går i eksisterande linjetrasear legg minst mogeleg beslag på urørt natur og viktige førekomstar av naturmangfald enn 1.0»
Grunngjeving: 1.4 er omlag 5 km lenger enn 1.0. 1.4 går omlag 2,5 km i eksisterande trase, noko som betyr at 1.4 beslaglegg 2,5 km meir urørt natur enn 1.0.
- Alver kommune vil at utgreiinga skal synleggjera kva spenningsoppdatering vil gje av kapasitet i Bergen og omland.

